

Fusa kommune

Bjørnefjorden landbrukskontor

v/Martin Skram Vatne

Uttale til forvaltningsplan for gås i Tysnes kommune.

Heimehøyrande gåseartar skal sikrast levedyktige bestander står det i planen. På Tysnes kom gåsa for om lag 10 år sidan og har ikkje vore rekna som ein heimehøyrande art.

Det har auka på med gås i mange bygder dei seinare åra og som det står i planen, gjer ho stor skade på innmark og slåtteland med nedbeiting og tilgrising. Dette i tillegg til eit auka hjortepress.

Dersom det skal tillatast ei gåsestamme i bygdene på Tysnes, må denne vera så liten som råd er og det må arbeidast med å få på plass klare jage og friområde.

Det må ikkje overlatast til den enkelte grunneigar/bonde å stå for dette åleine.

Tysnes bondelag

v/Leif Magne Hovland

Hovlandsstrando 162

5694 Onarheim